

Til foresatte

Informasjon om skuleskyss ved opning av skulane frå veke 20 for grunnskulen

Rutetilbodet for skulebussar og rutebussar vil bli gjeninnført slik det var før skulane stengde ned 13. mars.

Gjennom veiledaren for smittevern i grunnskulen og for kollektivtrafikken er det gitt føringar om bruk av offentleg transport til og frå skulen må avgrensast så mykje som mogeleg. Det er vidare sett krav til avstand mellom reisande både med kollektivtransport og med drosje. I praksis betyr dette at berre 50 % av vanleg kapasitet kan nyttast. Dette inneber at det ikkje vil vere tilstrekkeleg kapasitet til alle elevar som vanlegvis reiser kollektivt og med tilrettelagt transport (drosje) til skulen kan fortsette å gjere det når skulane opnar for alle årstrinn.

I samsvar med nasjonale retningslinjer ber vi derfor om at alle som har mogelegheit til å unngå bruk av kollektivtransport og tilrettelagt skuleskyss med drosje for å kome seg til skulen, om å gjere dette. Dette inkluderer også elevar med rett til skuleskyss.

Vi er no inne i ein heilt ekstraordinær situasjon med utgangspunkt i nemnde avstandskrav ikkje vil ha mogelegheit til å sikre nødvendig smittevern dersom alle elevar reiser «som normalt». Ein konsekvens av dette er at vi ikkje kan garantere at alle skuleelevar kjem med bussane som køyrer.

Med helsing

Stine Karoline Olsen
leiar

Eva Solhaug Fosshagen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift